



Arkivnr: 2014/15568-1

Saksbehandlar: Nils Skavhellen, Svein Kirkevik, Birthe Andersen Haugen

Saksframlegg

Saksgang	Saknr.	Møtedato
Utval		
Yrkesopplæringsnemnda		06.05.2014
Opplærings- og helseutvalet		13.05.2014
Fylkesutvalet		20.05.2014

Justering av tilbudsstrukturen 2014/15 etter prognoseinntaket**Samandrag**

Denne saka tek for seg justering av tilbudsstrukturen ved dei vidaregåande skulane på bakgrunn av søkjartal (prognoseinntak) pr. 1. mars.

Planlagt tilbudsstruktur ved dei vidaregåande skulane for skuleåret 2014/15 vart godkjent av Fylkesutvalet i desember 2013. Kvar vår, når søkjartala er klare, må det likevel gjerast mindre justeringar i tilbudsstruktur og elevplassar. Nytt i år er at fylkesrådmannen i fylkesutvalssak 290/13 fekk fullmakt til å tilpasse talet på elevplassar i skulane etter søkjartala ved prognoseinntaket. I dette saksframlegget er det difor berre større endringar, som til dømes at det må vurderast om eit utdanningsprogram skal avviklast ved ein skule, som vert lagt fram for politisk handsaming. Programområde (Vg2 og Vg3) som blir lagt ned, blir som hovudregel ikkje lagt fram til politisk behandling. Det er likevel gjort nokre unntak dersom skulen ønskjer å oppretthalde tilbodet med lågt søkjartal, eller at fylkesrådmannen av særlege grunnar ønskjer ei politisk avgjerd for tilbodet.

Prognoseinntaket er i utgangspunktet eit oversyn over primærønskarar (1.skule-/kursønskje) til skular og ulike kurs. På bakgrunn av dette blir søkjartala analyserte og endringsframlegga lagt fram i denne saka.

Primærønskartala gir likevel ikkje det totale biletet av søkjargrunnlaget til den einskilde skule og det einskilde kurs. Ofte må ein også sjå på talet av sekundærønskarar og vurdere kor mange av desse som ikkje vil få plass på sitt primærønskje. Det er også viktig å understreke at sjølve inntaket blir gjort på grunnlag av karakterpoengsum. Søskarar som har eit tilbod som sitt primærønskje, har såleis ikkje førerrett til inntak dersom karakterpoengsummen er lågare enn det sekundærønskarane har.

Forslag til innstilling

1. Ved Etne vidaregåande skule vert følgande tilbod lagt ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-15	DH	Vg1	DHDHV1	Design og handverk

2. Ved Kvinnherad vidaregåande skule vert følgande tilbod lagt ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-12	RM	Vg2	RMKOS2	Kokk og servitørfag
-12	RM	Vg1	RMRMF1	Restaurant og matfag

3. Ved Odda vidaregåande skule vert følgande tilbod lagd ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-12	TP	Vg2	DHSME3	Smed
-12	BA	Vg1	BABAT1	Bygg og anl.teknikk
-12	TP	Vg2	TPKJT2	Køyrety

4. Ved Norheimsund vidaregåande skule vert følgande tilbod lagd ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-15	HS	Vg2	HSBUA2	Barne og ungd.arb.fag
-12	BA	Vg1	BABAT1	Bygg- og anl.teknikk
-12	TP	Vg2	TPKJT2	Køyrety

5. Ved Hjeltnes vidaregåande skule vert følgande tilbod lagd ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-12	NA	Vg1	NANAB1	Naturbruk

6. Ved Voss vidaregåande skule vert følgande tilbod lagd ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-12	TP	Vg2	TPKJT2	Køyrety

7. Ved Fusa vidaregåande skule vert følgande tilbod lagd ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-15	NA	Vg1	NANAB1	Naturbruk

8. Ved Austevoll vidaregåande skule vert følgande tilbod lagd ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-12	EL	Vg1	ELELE1	Elektrofag

9. Ved Slåtthaug videregående skole vert følgande tilbod lagd ned:

Elevar	Utdanning	Trinn	Kode	Kurs
-15	DH	Vg2	DHDTE2	Design og tekstil

Johnny Stiansen
fung. fylkesrådmann

Svein Leidulf Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 23.04.2014

I fylkesutvalsak 290/13 «Justering av undervisningstilbudet 2014/15» vart tilbodsstrukturen for skuleåret 2014/2015 fastsett. I denne saka vert det gjort justeringar i tilbodsstrukturen basert på søkjartala til dei vidaregåande skulane etter at søknadsfristen gjekk ut 1.mars. Denne saka vert heretter omtala som prognoseinntaket.

Nytt i år er at fylkesrådmannen i fylkesutvalssak 290/13 fekk fullmakt til å tilpasse talet på elevplassar i skulane etter søkjartala ved prognoseinntaket. I dette saksframlegget er det difor berre større endringar, som til dømes at det må vurderast om eit utdanningsprogram skal avviklast ved ein skule, som vert lagt fram for politisk handsaming. Programområde (Vg2 og Vg3) som blir lagt ned, blir som hovudregel ikkje lagt fram til politisk behandling. Det er likevel gjort nokre unntak dersom skulen ønskjer å oppretthalde tilbudet med lågt søkjartal, eller at fylkesrådmannen av særlege grunnar ønskjer ei politisk avgjerd for tilbudet.

Brev som er sendt dei vidaregåande skulane om tilpassingar i elevplasstalet etter søkjartala etter administrativ fullmakt er lagt ved saka.

I prognoseinntaket er søkjartalet til Vg1-tilboda tett opp til det søkjartalet som vil vere aktuelt når 1. inntakssomgang skal gjerast i byrjinga av juli. Til Vg2 og Vg3-kursa vil søkjartala som hovudregel bli lågare. Grunngevinga for dette er at ein del søkjarar ikkje får karaktergrunnlag til å få plass på høgare kursnivå, eller at elevar sluttar på det kompetansegejevande kurset og dermed ikkje har grunnlag for plass i Vg2 eller Vg3.

Dersom eit tilbod blir lagt ned, får sjølv sagt søkjarane, uansett om dei har kurset som ønskje 1 eller lågare, melding om dette. Dersom dei ønskjer det, vil dei få høve til å endre skule-/kursprioriteringa skriftleg innan ein viss frist. Søkjarane vil ikkje automatisk bli overførde til ein annan skule som har kurset. Endringa av skule-/kursprioriteringa vil kunna gjerast ved at nettsida www.vigo.no blir opna for denne søkjargruppa i ca ei veke etter at dei har fått brevet om nedlegging av kurs. Dersom søkjaren ikkje gjer endringar, blir alle dei andre ønska som er søkt pr. 1. mars flytta eit hakk opp på prioriteringslista, og deretter behandla på vanleg måte.

Rektorane vart orienterte om søkjartala den 12.mars. Kommenterar og framlegg frå skulane ligg ved saka som uprenta vedlegg. I saksførelegget nedanfor er det opplyst om innstillinga er i samsvar med skulane sine framlegg, eller om fylkesrådmannen har gjort andre vurderingar.

Samandrag av dei viktigaste punkta i prognoseinntaket 2014:

Totalt søkjartal frå Hordaland:	19 010
Nedgang i søkjartalet samanlikna med 2013:	163
Søkjarar med Ungdomsrett	17 903
Nedgang i søkjartalet med Ungdomsrett frå 2013:	118
Nedgang i søkjartalet til Vg1:	136
Nedgang i søkjartalet til Vg2:	673
Auke i søkjartalet til Vg3:	298

Talet på elevar som er ferdige med ungdomsskulen våren 2014, er 6 289, og det er 21 færre enn i 2013. Nedgangen i søkjartalet til Vg1 er 136. Det kan tyde på at fleire har søkt private skular utan også å søkje på offentleg vidaregåande skule.

På grunn av den store nedgangen i årskullet mellom 2012 og 2013 er det relativt stor nedgang i søkjartalet til Vg2 med Ungdomsrett. Også her er nedgangen i søkjartalet større enn nedgangen i talet på søkjarar med ungdomsrett tilseier. Når det gjeld Vg3, er det ein auke i søkjartala samanlikna med 2013. Auken heng saman med at talet på søkjarar med ungdomsrett i årskullet som var ferdige på ungdomsskulen i 2011, var større enn i 2010.

Vel 53% av søkjarane har søkt seg til studieførebuande utdanningsprogram, medan i underkant av 47% av søkjarane har søkt yrkesfaglege utdanningsprogram.

Hovudbiletet er at søkjargrunnlaget til dei fleste utdanningsprogramma på Vg1 er stabilt. For Bygg og anleggsteknikk (BA), Teknikk og industriell produksjon (TO) og Media og kommunikasjon (MK) er det noko større nedgang i søkjartala, medan det til Studiespesialiserande utdanningsprogram (ST), Elektrofag (EL) og Helse- og oppvekstfag (HO) er auke i talet på søkjarar.

Tabellen under syner endring i tal og prosent for Vg1 for desse utvalte utdanningsprogramma.

Utd.progr	Søkjarar 2014 1.val	Søkjarar 2013 1.val	Endring i tal	Endring i %
BA	385	448	-63	-14,1 %
MK	232	329	-97	-29,5 %
TP	1057	1129	-72	-6,4 %
ST	2863	2803	60	2,1 %
EL	757	730	27	3,7 %
HO	865	845	20	2,4 %

Tabellen stadfestar hovudtrenden vi har sett dei siste åra ved at stadig fleire vel studiespesialiserande utdanningsprogram.

Når det gjeld nedgangen i søkjartalet til Vg1 Media og kommunikasjon, er dette ei vidareføring av trenden som har gjort seg gjeldande dei siste åra. I tillegg har svært mange valt å gå over til Vg3 Allmennfagleg påbyggingskurs i staden for å fullføre med studiekompetanse med Vg3 Media og kommunikasjon.

Den relativt store nedgangen i talet på søkjarar til Bygg og anleggsteknikk er svært uheldig for bransjen. Over år har det vore nedgang, og situasjonen kan verte kritisk for bransjen i løpet av få år.

Grunngeving for endring ved den einkilde skule.

Etne vidaregåande skule

Vg1 Idrettsfag: Tilråd at tilbodet skal oppretthaldast

I fylkesutvalsak 290/13 «Justering av undervisningstilbodet 2014/15» vart det under punkt 4 gjort slikt vedtak: «Idrettsfag Vg1 i Etne vert vurdert i høve til ein gruppe-/klassestorleik på 27 elevar» Under punkt 3 i same sak heiter det at det «som hovudregel vert det sett krav til oppfyllingsgrad på 85% i høve til budsjettert elevtal. Dersom ei gruppe kjem under minimumskravet, skal avgjerd om eventuell nedlegging vurderast opp mot tilbodet i regionen og i fylket samla sett. Denne vurderinga vert gjort administrativt.

Rosalind Fosse sette fram følgjande oversendingsforslag i opplærings- og helseutvalet 18 mars:

«Fylkesutvalet stilte i møte 05.12.13 krav på 27 elevar på idrettslinjen v/Etne vgs. OPHE er av den oppfatning at retningslinjene for samtlige skoler bør være like, jfr. Hjeltnes, Austevoll etc. OPHE ber om at Fylkesutvalet frafaller dette kravet, eller at det fremlegges sak slik at alle skoler i HFK blir behandlet likt med krav om antall elevar på faglinjene».

Forslaget vart samrøystes vedteke oversend fylkesutvalet.

Til Vg1 Idrettsfag ved Etne vidaregåande skule har det meldt seg åtte primærsøkjarar. Rogaland har meldt frå om at det er aktuelt å kjøpe fem elevplassar. Talet på sekundærsøkjarar er elles slik at fylkesrådmannen trur at samla elevtal vil bli frå 15-17. På bakgrunn av dette er oppfyllingsgraden mindre enn 85% dersom ein legg til grunn 27 elevplasser, men over dersom ein legg til grunn 15 elevplassar (som

opprinneleg planlagd). Fylkesrådmannen tilrår etter ei samla vurdering av tilbodet i regionen og fylket elles at tilbodet blir oppretthalde. I praksis vil det vere nærast umogleg å få ein oppfyllingsgrad på 85% på tilbod som i utgangspunktet kan ha 27-30 elevar i ein klasse ved Etne vidaregåande skule. Grunngevinga for dette er sjølvstøtt talet på avgangselevar som kvart år kjem ut frå grunnskulen i kommunen. Som kjent er ein no også i dialog med ein framtidsretta struktur for skulane i Etne og Vindafjord saman med Rogaland fylkeskommune. Førebels er det kome til semje om at skulane ikkje skal opprette konkurrerande tilbod. Drøftingane om organisering av dei to skulane, t.d. med ein skule i regionen, er godt i gang.

Ut frå vedtaket i fylkesutvalsak 290/13 kunne vurderinga med å oppretthalde Vg1 Idrettsfag gjerast administrativt. Dette er også fylkesrådmannen si innstilling i denne saka. Sidan dette tilbodet er spesielt nemnt i vedtaket ovanfor, finn fylkesrådmannen det likevel rett å leggje dette fram til politisk avgjerd.

Vg1 Design og handverk

Nedlegging på grunn av lågt søkjartal

Det er berre ein søkjar med Ungdomsrett til dette tilbodet. Framlegget til nedlegging er i samsvar med skulen si tilråding.

Kvinnherad vidaregåande skule

Nedlegging: **Vg1 Restaurant- og matfag**
 Vg2 Kokk- og Servitørfag

Til Vg1 Restaurant- og matfag har det berre meldt seg to søkjarar med Ungdomsrett, ein av desse til tilrettelagt opplæring.

Til Vg2 Kokk- og servitørfag har det meldt seg to søkjarar med Ungdomsrett. Skulen har også i inneverande skuleår hatt lågt elevtal ved dei to ovannemnde tilboda. Dette har vore kostnadskrevjande, og det er ikkje rom for å halde fram med dette når elevtalet no blir enda lågare.

Odda vidaregåande skule

Nedlegging: **Vg1 Bygg- og anleggsteknikk**
 Vg2 Kjøretøy
 Vg3 Smedfag

Det har berre meldt seg ein søkjar med Ungdomsrett til Vg1 Bygg- og anleggsteknikk. Framlegget til nedlegging er i samsvar med skulen si tilbakemelding etter prognoseinntaket.

Til Vg2 Kjøretøy har det meldt seg fem søkjarar med Ungdomsrett. Skulen ønskjer å oppretthalde tilbodet fordi dei kan samkøyre ein del av faga på Vg2 med andre programområde, dei har godt samarbeid med verkstader i området, og verkstaden ved skulen er godt tenleg for elevar med tilrettelagt undervisning.

Til skulane Odda vidaregåande skule, Norheimsund vidaregåande skule og Voss vidaregåande skule har det totalt meldt seg 12 søkjarar med Ungdomsrett, dvs. ein klasse. Fylkesrådmannen ser at dersom dette tilbodet skal oppretthaldast i regionen ved ein skule, så blir ikkje elevtalet stort større enn talet på primærsøkjarar. Grunnen til dette er reiseavstand mellom elevane sine bustadadresser og skulane si lokalisering. Uansett vil denne elevgruppa måtte bu på hybel dersom tilbodet blir lagt ned ved ein eller fleire av skulane, og då skal ein ikkje sjå bort frå at skulane i Bergen kan vere like attraktive. Vg2 Kjøretøy har dei siste åra fått lågare og lågare søkjartal, og det gjeld også desse tre skulane. Med så lite elevtal ville fylkesrådmannen administrativt lagt ned tilbodet ved alle dei tre ovannemnde skulane. Sidan Vg2 Kjøretøy ved ei slik avgjerd ville bli borte i Hardanger/Voss-regionen, blir saka likevel lagt fram til politisk avgjerd.

Vg2 Smedfag vart oppretta i desember 2013 og er ei såkalla «landslinje» der staten tek det meste av kostnaden, og søkjarar frå heile landet søkjer om inntak på like vilkår. Det har berre meldt seg to søkjarar til

tilbudet. Hovudgrunnen til det låge søkjartalet kan vere at Vg2 Smedfag byggjer på Vg1 Design og handverk. Dette utdanningsprogrammet har dei siste åra hatt ein nedgang i søkjartalet, og rekrutterer i hovudsak til Vg2 Frisør. Frå neste år er det truleg at Vg1 Teknikk og industriell produksjon også blir inntaksgrunnlag til Vg2 Smedfag. Dette utdanningsprogrammet har høgt elevtal både i Hordaland og resten av landet, og alt bør difor liggje til rette for at tilbudet kan kome i gang frå hausten 2015. Det krev likevel god marknadsføring av tilbudet.

Norheimsund vidaregåande skule

**Nedlegging: Vg1 Bygg- og anleggsteknikk
 Vg2 Kjøretøy
 Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget**

Vg1 Bygg- og anleggsteknikk har fire søkjarar med Ungdomsrett. Tal elevplassar er 15. Skulen ønskjer å oppretthalde tilbudet, og viser til at delar av opplæringa går saman med Vg2 Byggteknikk og annan Vg1-klasse i fellesfaga. Dei skriv elles at byggjebransjen i Kvam er stor, og at dei tek imot alle lærlingane dei kan få. Fylkesrådmannen meiner likevel at søkjartalet er for lite til å oppretthalde tilbudet.

Vg2 Kjøretøy har fått tre søkjarar med Ungdomsrett. Skulen ønskjer å oppretthalde tilbudet og seier at elevane kan få fellesfaga saman med ein annan Vg2-klasse. Skulen skriv vidare at « ein dag i veka vil opplæringa i programfag gå føre seg på praksisplass innan bilbransjen i Kvam. Bilbransjen i Kvam, med melding underskriven av seks verksemder, oppmodar om at Vg2 Kjøretøy ikkje blir lagt ned frå hausten fordi dei treng lærlingar i faget.

Sjå elles det som er skrive under Odda vidaregåande skule, Vg2 Kjøretøy. Reint teoretisk har dei tre søkjarane til Vg2 Kjøretøy ved Norheimsund vidaregåande skule ei adresse som kan gjere det mogleg å gå på Odda vidaregåande skule utan å flytte på hybel. I praksis lar det seg vanskeleg gjere.

Vg2 Barne- og ungdomsarbeidarfaget har fått tre primærsøkjarar. Skulen ønskjer å oppretthalde tilbudet og seier at elevane tek fellesfaga saman med elevane ved Vg2 Helsearbeidarfaget. Skulen ønskjer å utplassere elevane i programfaga i samarbeid med Kvam Herad, som har læreplassar til alle.

Hjeltnes vidaregåande skule

Nedlegging: Vg1 Naturbruk

Dette tilbudet har berre fått ein søkjar med Ungdomsrett i år. Framlegget om nedlegging er i samsvar med skulen si tilbakemelding etter prognoseinntaket.

Voss vidaregåande skule

Nedlegging: Vg2 Kjøretøy

Vg2 Kjøretøy har fått fire søkjarar med Ungdomsrett til 12 plassar. Skulen skriv at dei ønskjer å leggje ned tilbudet for skuleåret 2014/15. Dette er den einaste av dei tre skulane i Voss/Hardanger som tilrår nedlegging for komande skuleår. I skulebruksplanen er det vedtatt at Voss vidaregåande skule skal ha dette tilbudet.

Jamfør elles det som er skrive under Odda vidaregåande skule.

Fusa vidaregåande skule

Nedlegging: Vg1 Naturbruk

Vg1 Naturbruk har fått ein søkjar med Ungdomsrett. Sjølv om skulen gir tilbod på TAF Marine fag, er det ikkje mogleg å oppretthalde det ordinære utdanningsprogrammet med ein søkjar. I den skriftlege tilbakemeldinga på prognoseinntaket ønskjer skulen å gje eit tilbod til den eine eleven i kombinasjon med TAF og utplassering.

Fylkesrådmannen meiner at det ikkje er grunnlag for å oppretthalde tilbodet sjølv med tilpassing for den eine eleven og tilrår at tilbodet blir lagt ned.

Austevoll vidaregåande skule**Nedlegging Vg1 Elektrofag**

Vg1 Elektrofag har fått fire søkjarar med Ungdomsrett til 15 plassar. Skulen ønskjer å oppretthalde tilbodet ved at elevane får fellesfaga saman med dei andre Vg1-elevane på skulen. Fylkesrådmannen meiner at søkjartalet er for lågt til at tilbodet kan oppretthaldast.

Slåtthaug vidaregåande skule**Nedlegging: Vg2 Design og tekstil**

Vg2 Design og tekstil har fått to søkjarar med Ungdomsrett til 15 plassar. Skulen seier i si tilbakemelding at dette «ikkje er liv laga» i høve til å oppretthalde tilbodet. Tilbodet har også få primærsøkjarar ved dei fleste andre skulane i fylket. Dette er ein konsekvens av nedgangen i søkjartalet gjennom fleire år til utdanningsprogrammet Design og handverk. Årstad vidaregåande skule, som er den næraste skulen til Slåtthaug vgs. har seks primærsøkjarar med Ungdomsrett.

Garnes vidaregåande skule

Denne saka kan etter fullmakta som vart gjort i fylkesutvalet i desember 2013 avgjerast administrativt, men fylkesrådmannen legg likevel saka fram for politisk behandling.

Skulen har 39 primærsøkjarar til Vg1 Studiespesialiserande utdanningsprogram. I 2013 vart klassetalet redusert frå to til ein klasse. Skulen er svært opptatt av å kunne starte opp med to klassar frå skuleåret 2014. Fylkesrådmannen meiner at det ikkje er grunnlag for å opprette ein ny klasse. Talet på søkjarar kjem uansett godt under 85% grensa der ein skal sjå på klassetalet totalt. Det er heller ikkje noko argument at «overtallege» søkjarar ikkje får det tilbodet dei ønskjer i regionen. Det er m.a. plass både ved skulane i Bergen og på Osterøy. Som ein kjenner til er det også vanleg med ein viss reduksjon av søkjartalet fram mot skulestart fordi ein del søkjarar tek imot plass t.d. ved dei private vidaregåande skulane. Fylkesrådmannen tilrår ikkje auke i klassetalet ved Vg1 Studiespesialiserande ved skulen, skuleåret 2014/15.

Knarvik vidaregåande skule.

Skulen søkte hausten 2013 om å få opprette fleire elevplassar innanfor TAF-Elektrofag, slik at ein kunne gje tilbod om programområda Automatisering og EI-energi. Søknaden vart lagt fram til politisk behandling på vanleg måte, men vart ikkje vedtatt i «klassesaka» i Fylkesutvalet sitt møte den 3. desember 2013.

I mars 2014 hadde NHO eit møte med fylkesordføraren, der det frå NHO si side vart lagt fram eit sterkt ønske om å få utvida talet på plassar innanfor dei to ovannevnde programområda alt frå hausten 2014. Møtet vart avslutta med at saka skulle behandlast vidare av administrasjonen.

Tal nye plassar som er aktuelt å opprette, er 20, slik at samla elevtal for TAF- Teknikk og industriell produksjon og Elektrofag blir inntil 50, dvs. to høvelege grupper a 25 elevar. Ei eventuell utviding av talet på plassar ved TAF-elektrofag vil ikkje ha konsekvensar for klassestrukturen elles ved Knarvik vidaregåande skule, men kan marginalt gå ut over elevgrunnlaget til ein del av dei andre tilboda. Det kan også marginalt bli færre elevar til Automatiseringstilbodet ved Austrheim vidaregåande skule.

Fylkesrådmannen tilrår ikkje å auke elevtalet på TAF-elektro frå hausten 2014 på dette tidspunkt av inntaksprosessen.

Grunngjeving: I informasjonen på Knarvik vidaregåande skule si heimeside står det at tilbodet innanfor TAF-elektrofag omfattar Data- og elektronikk. Det står såleis ikkje noko om at tilbodet også kan omfatte Automatisering og EI-energi (elektrikar). Dette er i samsvar med vedtaket etter klassesaka i desember 2013. Når søkjarane ikkje har fått informasjon om at desse programområda finst ved TAF-elektro, må ein rekne med at ein del aktuelle søkjarar ikkje har søkt. Fylkeskommunen har plikt til å informere om kva tilbod som skal opprettast frå neste skuleår i god tid før søknadsfristen går ut.

Det er ikkje dokumentert at det er læreplassar, også på sikt, for dei aktuelle TAF-elevane innanfor Automatisering og EI-energi, og heller ikkje kva konsekvens dette vil ha for talet på ordinære læreplassar. 20 ekstra læreplassar i TAF-systemet kvart år vil for ein fire-årsperiode binde opp 80 læreplassar.

Ei utviding av TAF-Elektro ved Knarvik vidaregåande skule med programområda Automatisering og EI-energi vil bli vurdert på nytt i klassesaka hausten 2014.